


Voldingar



Anders Lundberg har fanga ein dorado.

Henrik Yksnøy, Anders Lundberg og Trygve Haram kasta i juni loss frå småbåthamna i Volda og sette kursen for Karibia. I sin 31 fot lange seglbåt «Fri Inspirasjon» har dei no kome til Carriacou, der snø og is er bytt ut med sol og kiting.

Vår første etappe gjekk til Shetland, og etter kryssinga av Nordsjøen følte vi verkeleg at vi hadde segla langt og at turen for alvor var i gang. No har vi derimot eit litt anna syn på kva som er ein lang etappe. Shetland kan vi i alle fall anbefale. Folk er veldig trivelege, og nordmenn vert tekne godt imot på øya. Om du går på ein av dei lokale pubane, som ikkje er langt frå kaia, er det garantert liv uansett kva dag det er. Etter Shetland gjekk turen til Orknøyane og Skottland. Vi segla langs nordkysten av Skottland til Inverness. Derifrå fylgde vi Kaledoniakanalen. Den består av svært mange sluser, noko som var spanande første gongen, men deretter vart det fort rutine og svært kjedeleg. Men vi fekk segle på segnomstuste Loch Ness-innsjøen.

Over Biscaya

Etter Skottland segla vi direkte til Dublin. Det vart to døgn utan søvn. Irskesjøen er kjent for krappe bølger, og

han levde opp til forventningane. I Dublin lærte vi å reve storseglet. Det var ikkje for tidleg, sidan neste etappe var Biscaya. Vi hadde høyrte mange historier om storm i Biscaya, men med gode værmeldingar var vi optimistiske. Seglasen gjekk strålende, og etter fire og eit halvt døgn kom vi til La Corona i Nord-Spania. Ikkje alle var like heldige i Biscaya. To tyske venner av oss låg fire døgn i ein storm rett nord for Spania.

Sosialt seglarliv

Det var først i La Corona vi for alvor byrja å møte dei andre langturseglarane. Og berre så det ikkje er tvil: langturseglarar er svært sosiale og trivelege personar. Det er ikkje få kveldar vi har vore om bord i andre båtar. Det er som regel mest praktisk å vere om bord i ein annan båt, for «Fri Inspirasjon» er som regel den minste. Langs kysten av Spania og Portugal segla vi dagsetappar, og av ein eller annan grunn hadde vi ein tendens til å verte liggjande ved ein stor by når det var laurdag.

Frå Algarvekysten i Portugal segla vi til Mohammedia i Marokko. Vi hadde planar om fjelltur i Atlasfjella, men matforgifting gjorde opphaldet i Marokko lite minneverdig. Vi skulle få besøk på Kanariøyane, så vi fann eit vèrvindaug mellom to lågtrykk og forlét Marokko. Gran Canaria kan på ingen måte beskrivast som eksotisk, men for all del; det er liv på Playa del Inglés. Vi fekk besøk frå Noreg, så då tok vi eit avbrekk frå båten og flytta på hotell ei veker tid. Det var heller ikkje å forakte.

Kapp Verde

Frå Gran Canaria til Kapp Verde brukte vi ni døgn. Til då den lengste etappen på turen. På Sao Anton ankra vi opp utanfor ein liten landsby. Kvar kveld var det grilling på stranda. Her låg vi ankra i lag med tre andre «ungdomsbåtar», ein frå Tyskland og to frå Sverige. Første dagen grilla vi fisk, medan den andre dagen kjøpte vi ein gris i landsbyen. Etter eit heiderleg forsøk på å grille heile grisen, måtte vi gi opp. Men det vart likevel ein verkeleg bra middag!

Kapp Verde er i utgangspunktet ein ypparleg stad å starte ei atlantehavskryssing. Men denne sesongen var ikkje passatvindane like pålitelege som dei plar vere. På Gran Canaria hadde vi fylt båten med hermetikk, og i Mindelo fylte vi båten med vatn og fersk mat. Vi sjekka værmeldinga ein siste gong, og heisa ankeret. Dei første døgn segla vi sørover til vinden vart meir stabil, så sette vi kursen rett vest. Vi navigerte med ein berbar GPS. Den slo vi på ein gong i døgn, og det gjekk stor prestisje i å tippe korrekt tilbakelagt distanse. Dagleg distanse gjekk frå 60 til 146 nautiske mil.

Men denne sesongen var ikkje passatvindane like pålitelege som dei plar vere. På Gran Canaria hadde vi fylt båten med hermetikk, og i Mindelo fylte vi båten med vatn og fersk mat. Vi sjekka værmeldinga ein siste gong, og heisa ankeret. Dei første døgn segla vi sørover til vinden vart meir stabil, så sette vi kursen rett vest. Vi navigerte med ein berbar GPS. Den slo vi på ein gong i døgn, og det gjekk stor prestisje i å tippe korrekt tilbakelagt distanse. Dagleg distanse gjekk frå 60 til 146 nautiske mil.

Atlantehavskryssing

Ein får mykje fritid på ei atlantehavskryssing. Vi har ikkje vindror, og autopiloten brukar vi nesten aldri. Så vi styrer tre timar kvar, og har dermed seks timar fri. Ein skulle kanskje tru ein jobbar med segl når ein ikkje styrer, men vi hadde doble forsegl i to veker utan å røyve dei. Frivaktene går stort sett med til soving eller lesing, og det vert mykje tid til begge delar. Alle om bord las om lag seks bøker kvar, og i hovudsak las vi bøker om andre folk som hadde vore på segltur.

Det einaste faste innslaget om bord var middag klokka fem. Anders er stuert om bord, og har laga alle middagar der sidan vi forlét Noreg. Sjølv om vi et merkbart mindre i grov sjø, er det nok ikkje maten som har skulda. Sidan vi ikkje har korkje kjøleskap eller frys, har vi lært kva slags frukter og grønnsaker som held seg ferske over lengre tid. Blant anna har vi lært at ein kan ete «ferskt» brød i ni dagar, om ein skjer vekk myglet. Vi fiska stort sett heile tida over Atlantehavet, og åt både wahu, tunfisk og dorado. I tillegg fekk vi bort imot dagleg flygefisk på dekk. Ein av dei klarte også å kome seg igjennom dekksluka. Vi trudde det i alle fall berre var ein, men to veker etter kryssinga fann vi to til inne i båten.


Jul i Karibia

Atlantehavskryssinga tok ganske nøyaktig 21 døgn. Vi hadde aldri meir enn om lag fire meter høge bølger, og vinden var til tider for svak. Det var likevel godt å kunne gå i land etter så lang tid på havet. I tillegg hadde vi heile tre dagar att til julaften. Vi la oss på bøye saman med Mark i båten «Mare Liberum», ein Albin Vega på 27 fot, som vi har segla saman med sidan La Corona. Han hadde segla åleine over Atlanten, og hadde dermed mykje å snakke om. Vi feira også jul saman.

Vi gjorde det beste for å få opp jule-



Henrik Yksnøy med sjølvfanga middagsmat i Atlanterhavet.



Anders Lundberg prøver fiskelykka på ei strand i sydlegare strok.



Henrik Yksnøy studerer reiseruta.

seglar i Karibia i vinter



stemninga, så vi hadde eit lite juletre og eit bilete av kongeparet i cockpit. Julemiddagen bestod av svenske kjøttbollar, noko som absolutt fall i smak. Før gåveutdelinga gjekk vi rundt babystaget vårt medan vi song: «Så går vi rundt vårt rustfrie stag», i tillegg til fleire norske og svenske julesongar.

Kiteinstruktørar

På nyåret segla vi til Tobago, og tilfeldigvis ankra vi opp ved den beste surfestranda på øya. Optimistiske som alltid, kjøpte vi to nye surfbrett. Til saman har vi no tre brett om bord, noko som må vere ny Bostrøm 31-rekord!

På Tobago hadde vi også den beste dykkinga vi har hatt til no. Blant anna dykka vi med rokker og more-

nefiskar. Etter å ha vorte kjende med fleire lokale surfarar, fekk vi ei omvising på heile øya av ein kar som heiter Anthony. Han tok oss mellom anna til dei fantastiske fossefalla i Argyle.

Etter Tobago segla vi til Grenada der vi vart kjende med Daniel frå Canada. Han arbeider som kiteboardinstruktør, og vi fekk verte med på kurs på laurdagen. Dagen etter vart vi med som assistentar for nokre kursdeltakarar som hadde meir pengar enn oss. Dei eigde blant anna heile øya der kurset vart arrangert. Det var vår første «arbeidsdag» på seks månader, noko som var ei god avveksling til det daglege livet.

Jollejakt

I skrivande stund er vi på Carriacou,

like nord for Grenada. Natta før låg vi ankra utanfor Sandy Island – ei øy som er som teken utifrå ei scene i filmen Pirates of the Caribbean. Når vi vakna om morgonen oppdaga vi at jolla vår, «Fri Frøydis», hadde slite seg laus i løpet av natta. Etter ein iherdig redningsaksjon, fann vi henne tilfeldigvis inne i ein mangrove-skog vel ei nautisk mil frå båten. Litt flaks skal ein ha på langtur!

Straumproblem

Mange trur det er liten plass om bord i «Fri Inspirasjon», men sidan vi var fire stykk den første månaden, føler vi at vi har god plass om bord. Kontakten med familie og vener heime prøver vi å oppretthalde via Facebook og e-post. Vi har dermed fått med oss at det har vore ein kald vinter hei-

me til no. Så vi er nøgde med varmen og klimaet her nede.

Det seiast at langtursegling består av å reparere båten i varme omgjevnader, og det kan vi vel stadfeste. Vi har blant anna hatt store problem med straumforsyninga om bord. Vindgeneratoren/slepegeneratoren, har ikkje fungert slik vi hadde håpa. Det heile toppa seg i Mindelo då korkje vindgeneratoren, landstraumen eller motoren fungerte! Vi har sidan erstatta vindgeneratoren med eit solcellepanel, og no har vi endeleg nok straum. Ikkje det at vi brukar så mykje, men det er i alle fall greitt å bruke lanterner.

Vegen vidare

No ligg vi altså for anker utanfor ei strand på Carriacou, saman med den

Trygve Haram, Anders Lundberg og Henrik Yksnøy har segla frå Volda til Karibia, der dei skal overvintre.,

svenske båten «Allie». Måndag seglar vi truleg nordover mot Antigua, der vi skal møte ein båt vi vart kjent med på den andre sida av Atlanteren. Deretter vert det Puerto Rico, Den dominikanske republikk og Cuba. Før vi set kursen heimover. Ruta heim vert avhengig av isforholda rundt Kanada og Grønland. Planen er uansett å vere heime att tidleg i juli.

**Henrik Yksnøy
Anders Lundberg
Trygve Haram**



«Fri Inspirasjon» til høgre i biletet syner at ein ikkje treng stor og dyr båt for å segle heilt til Karibia.